

Oppdragsnavn: Lobas, regulering av næringsområde i Fotlandsvåg
Oppdragsnummer: 529358-01
Skriven av: Christian Frønsdal
Dato: 05.12.2018
Tilgang: Open

NOTAT Merknader og uttaler til oppstart

1. MERKNADER OG UTTALER 2

SAMANDRAG

Under følger alle innkomne merknader og uttaler til oppstartsmeldinga av planarbeidet.

1. MERKNADER OG UTTALER



Statens vegvesen

Asplan Viak AS
Fabrikkgaten 3
5059 BERGEN

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:
Ingelin Garen - 55516345

Vår referanse:
2013/120721-002

Dykkar referanse:

Vår dato:
28.11.2013

Uttale til varsel om oppstart av detaljplanarbeid med konsekvensutgreiing - Holmane næringsområde - PlanID 2053 2013 004 - gnr. 96 bnr. 17 m.fl. - Osterøy kommune

Vi syner til Dykkar brev motteke hos Statens vegvesen 14.10.2013. Brevet gjeld varsel om oppstart av detaljplanarbeid med konsekvensutgreiing for Holmane næringsområde, gnr. 96, bnr. 17 mfl. i Osterøy kommune.

Planområdet er på 76 daa og det er opplyst at området i gjeldande kommuneplan er avsett til «noværande næring, noverande bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande vassdrag, og LNFR»

Føremålet med planen er å leggje til rette for næringsføremål gjennom utviding av dagens næringsareal, hovudsakleg gjennom utfylling av det grunne hamnebassenget mellom Holmen og næringsområdet lenger sør. Eksisterande kai-areal er også planlagt utvida noko ut i Fotlandsvågen.

Statens vegvesen uttaler seg til reguleringsplanar med bakgrunn i rollene som

- Vegstyresmakt i riksvegsaker
- Vegadministrasjon for fylkeskommunen i fylkesvegsaker
- Statleg fagstyresmakt med sektoransvar for samordna areal- og transportplanlegging, trafikktryggleik, kollektivtrafikk, tilrettelegging for sykkel og gange, universell utforming og miljølempar knytt til veg- og vegtrafikk.

Statens vegvesen har følgjande merknader til oppstartsmeldinga:

Uttale

Planforslaget legg opp til strukturelle endringar innanfor planområdet gjennom utfylling av hamnebassenget mellom Holmen og næringsområdet lenger sør. Dette tilseier at ein i planarbeidet bør sjå på mogelegheita for å samle dagens avkjørsler og i staden etablere ei felles avkøyrsla inn til planområdet. Avkøyrsla må dimensjonerast for større kjøretøy jfr. handbok 017.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 02030
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Spelhaugen 12
5147 FYLLINGSDALEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Båtsfjordveien 18
9815 VADSØ
Telefon: 78 94 15 50
Telefaks: 78 95 33 52

I planarbeidet må ein også vurdere forhold knytt til kollektivtrafikk og kva som vil vere ei formålstenleg plassering av busslomme.

Det er nokre få bu-einingar innanfor planområdet, mens det på strekninga langs Fv. 567 mellom planområdet og Fotlandsvåg barneskule ligg fleire bustader. Langs Fv. 567 er det i dag ingen tilbod til mjuke trafikantar. Fartsgrensa på staden er 80 km/t mens ÅDT total er berekna til 600 kjøretøy. Statens vegvesen viser til at det i kommuneplanen er sett krav til trafiksikker tilkomst for køyrande og mjuke trafikantar skal vere etablert før areal sett av til bygg og anlegg (jf. Pbl § 11-7 nr. 1) kan takast i bruk. Statens vegvesen vil krevje at det på strekket mellom framtidig næringsområde og Fotlandsvåg barneskule, vert lagt til rette for ei trafiksikker løysing med spesielt fokus retta mot mjuke trafikantar.

Utforming av veganlegg innanfor planområdet skal skje i samsvar med handbok 017. I føresegnene til kommuneplanen, pkt. 2.38 er det også presisert at det i framtidige næringsområder skal leggjast til rette for mjuke trafikantar. Frå Statens vegvesen si side vil dette først og fremst innebere eit krav om trygg gangtilkomst til viktige målpunkt innanfor næringsområdet og at det vert lagt opp til trygge kryssingspunkt som ikkje kjem i konflikt med trafikken knytt til verksemda i området.

Tilrettelegging for mjuke trafikantar kan til dømes også være etablering av sykkelparkering og garderobeanlegg. Samstundes minner vi om kravet til universell utforming av uteareal knytt til arbeidsbygg jfr. TEK10.

Når reguleringsplanen vert lagt ut til offentleg ettersyn og det ligg føre eit konkret planframlegg vil vi vurdere om våre interesser er tilstrekkeleg sikra i planen.

Plan og forvaltning - Bergen
Med helsing

Sindre Lillebø

Sindre Lillebø
Seksjonsleiar

Ingelin Garen
Ingelin Garen



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Tord Bakke, 5557 2377

Vår dato
21.11.2013
Dykkar dato
10.10.2013

Vår referanse
2013/13304 421.4
Dykkar referanse

Asplan Viak AS
Fabrikkgaten 3
5059 BERGEN

Uttale - Oppstart - Osterøy - Gnr 96 bnr 17 mfl - Detaljreguleringsplan for Holmane Næringsområde - Konsekvensutgreiing

Vi viser til dykkar brev av 10.10.2013 med melding om oppstart av planarbeid for Holmane Næringsområde, Gnr 96 bnr 17 mfl.

Planarbeidet ser ikkje ut til å vera i samsvar med overordna plan. Vi er samd i at det trengst utarbeiding av planprogram og konsekvensutgreiing, jf. pbl § 4-1 og 4-2.

Vi minner om at dei konsekvensane reguleringsplanen har for endra arealbruk skal vurderast i høve til naturmangfaldet, og at dette må kome tydeleg fram i planarbeidet, jf. naturmangfaldlova §§ 7- 12.

Planarbeidet må vurdere støy og visuell eksponering for eksisterande bustader samt nytt planlagt bustadområde på andre sida av vågen. Dersom planen gjer det naudsynt å etablere nytt småbåtanlegg, ber vi om at desse spørsmåla òg vert teke opp i planarbeidet.

Fylkesmannen vil elles gjere merksam på at ROS-analysen må nytte akseptkriteria som er i tråd med byggeteknisk forskrift (TEK 10). Analysen må vidare, som presisert i plan- og bygningslova, sjå på risiko både innanfor og utanfor planområde som kan påverke tiltaket, og eventuell endra risiko som følgje av tiltaket. Utfylling i grunne og smale vågar av denne type kan skape endra tilhøve for skips-/båttrafikk i området, planarbeide må avklare desse verknadane.

Vi ønskjer lykke til vidare med planarbeidet.

Med helsing

Jostein Klette e.f.
seksjonsleiar

Tord Bakke
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
Osterøy kommune Rådhuset 5282 Lonevåg



Noregs
vassdrags- og
energidirektorat

Asplan Viak as
Fabrikkgaten 3
5059 BERGEN

Vår dato: 03 DES. 2013

Vår ref.: NVE 201306468-2 rv/toot

Arkiv: 323

Dykkar dato:

Dykkar ref.:

Sakshandsamar:


Toralf Otnes


Innspel til varsel om oppstart av arbeid med detaljreguleringsplan for Holmane næringsområde - GBnr 96/17 mfl - Osterøy kommune

Vi syner til brev datert 10.10.2013. Saka gjeld varsel om oppstart av arbeid med detaljreguleringsplan for Holmane næringsområde i Osterøy kommune. Planarbeidet har som mål å legge til rette for utviding av eksisterande næringsareal, hovudsakleg gjennom utfylling av det grunne hamnebassenget mellom Holmen og næringsområdet lenger sør.

Planområdet er definert som aktsemdområde for snøskred, jf. aktsemdkart for snøskred på www.skrednett.no. Det betyr i første omgang at det må gjerast ei nærare vurdering av skredfaren i samband med planarbeidet. Til dette arbeidet må det nyttast tilstrekkeleg fagleg kompetanse, og skredfarevurderinga må underleggast kontroll av sidemann eller uavhengig part. Dersom det vert konstatert at planområdet kan vere skredutsett må det definerast faresonegrenser i samsvar med tryggleikskrava i Byggteknisk forskrift (TEK10). Ev. fareområde må innarbeidast i planen, dvs. syne som omsynssone (jf PBL § 12-6), og ha tilhøyrande føresegner som sikrar akseptabel tryggleik for utbygging kan finne stad. Dersom det er trong for sikringstiltak eller restriksjonar på arealbruk for å oppnå tilstrekkeleg tryggleik rår vi til at det aktuelle området vert teke inn i planen.

Med helsing

for 
for
Brigt Samdal
regionsjef


Toralf Otnes
senioringeniør

Kopi: Fylkesmannen i Hordaland, Postboks 7310, 5020 BERGEN
Osterøy kommune, Rådhuset, 5282 LONEVÅG

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO


Region Midt-Norge
Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord
Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE

Region Øst
Vangsvæien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR



OSTERØY INDUSTRILAG

v / Industrikonulenten på Osterøy
5282 Lonevåg

Telefon 56 19 22 70

Telefaks 56 19 21 01

e-post lars.mjos@osteroyindustri.no
www.osteroyindustri.no

Asplan Viak AS
Fabrikkgaten 3
Postboks 2304 Solheimsviken
5824 Bergen

anna.wathne@asplanviak.no

Osterøy 2.12.2013

Innspel til oppstart av planarbeid for Holmane Næringsområde, plan ID 1253 2013 004, innspelsfrist 3.12.2013

Fotlandsvåg har vore eit industrityngdepunkt på Osterøy og bygda hadde i mange år eit svært godt arbeidsplasstilbod. Gjennom ein del år no har det vore klar nedgang i lokale arbeidsplassar og mange må i dag pendle.

Styret i Osterøy Industrielag synest det er svært prisverdig at Lonevåg Beslagfabrikk AS har etablert seg i Fotlandsvåg og no vil satse vidare både for eigne aktivitetar og ved å skaffe grunnlag for HBH Innredning til framleis å vere i bygda. Det er også positivt at planarbeidet omfattar alle aktørane i dette næringsområdet.

Så me er svært positive til at det no vert utarbeidd ein heilskapleg reguleringsplan for å utnytte området betre, for å «rydde opp» og gjere området mykje finare og for å leggje grunnlaget for å både sikre arbeidsplassar og skape nye.

Styret i Osterøy Industrielag stiller seg svært undrande til at «planmynde» i Osterøy kommune har tilrådd konsekvensutgreiing.

Her er det snakk om eit område som framsynte folk gjennom eit interessentselskap i mellomkrigstida erverva til industriføremål. Dette initiativet var svært vellukka og førte til at ei rekkje bedrifter har drive industri og anna næringsverksemd i området i generasjonar med fleire ti-tal arbeidsplassar på topp.

Ein svært høg del av strandlina innanfor området er i dag fylling og bebygd med kaier og bygg. Når ein ser på kor mykje av «urørt» strandline som har ein avstand til terrenginngrep (fylling, bygg, kai, veg osv) på meir enn 10 m, utgjer dette maksimalt 10%.

Og vika ein no ønskjer å fylle i og vinne inn til næringsareal er så godt som fullstendig omkransa av fyllingar, bygg og veg og «fylt opp» med tekniske innretningar (i form av flytebrygger og båtar).

Me kan ikkje forstå at planframlegget «vil bryte med dei statlege planretningslinene for differensiert forvaltning av strandsona» og at planframlegget «vil ha vesentlege verknader for miljø og samfunn».

Styret i Osterøy Industrilag tilrår difor at det ikkje vert stilt krav om konsekvensutgreiing. Men dersom ein likevel ikkje kjem unna dette kravet, vil me oppmode om at Kapittel 5 «Viktige omsyn og trong for utgreiingar» vert gjennomført på ein enkel og grei måte.

Me er sjølvsagt samde i at ein skal vurdere miljø, landskap, risiko osb, og at ein ved gjennomføring av tiltak skal tilfredsstillе lovar og føresegner, men me har sett i andre planar at detaljeringsgraden har vore altfor stor.

Dette er og skal i framtida vere eit industri- og næringsområde og då bør planprosessen vere enkel og grei slik at tiltak kan gjennomførast no som det er interesse og grunnlag for vidareutvikling.

Og så vil me oppmode om at det at Lonevåg Beslagfabrikk AS har vore svært velvillige og hjelpsame overfor båtlaget, ikkje no må brukast mot dei gjennom at bryggjeanlegget ikkje lenger kan vere der det er. Det vert vist til alternativ.

For styret i Osterøy Industrilag

Lars Magne Bysheim
formann

Lars Mjøs
sekretær

Anna Wathne

Fra: Jon Vegard Handeland <wanna_get_u@hotmail.com >
Sendt: 3. December 2013 00:25
Til: Anna Wathne
Emne: merknad; holmane fotlandsvåg

hei.

Var i kontakt med deg tidligere ang konsekvensutredning for området på Holmane i Fotlandsvåg, og vart oppmoa til å komme med mine kommentarer og merknader skriftlig.

Eg sitter her litt usikker på hva som skal sies uten å vite hva som vil komme av endringer i miljøet her ved en ny regulering.

og ser vel egentlig store forandringer. Og det må eg sei plagar meg litt.

Kjøpte huset her i den tro at båthavnen og vika her atmed huset mitt kunne ingen gjæra noe med.

Men etter det eg har hørt er det ønsker om å fylla att heile eller store deler av området her.

Og med slike planar ser eg at det vil bli mindre attraktivt for meg å bo i dette området.

mine ønsker/kommentarer for denne saken:

- * eigendommen huset mit står på skal regulerast til boligtomt.
- * ha noke å sei for kva som vert lov av igjenfylling og bygging på nabo tomtene.
- * evt bli kjøpt ut eller få kompensasjon for all den aktiviteten og bråket en slik utbygging vil medføre, og at boverdien her vil synke.

mvh

jon vegard bruaas handeland



Asplan Viak AS
Boks 2304
5824 Bergen
Kopi går til: Osterøy Kommune

J.nr.	_____
Mott:	- 7 NOV. 2013
Beh.	AW
Prosj.nr.	_____

Fotlandsvåg den 27.10.2013

Styret i Fotlandsvåg Båtlag har registrert at det foreligger konkrete planer for utfylling av det området som har vært benyttet til båthavn for Fotlandsvågsområdet i flere generasjoner. Båtlaget har disponert området, som er den beste og kanskje den eneste mulige havneplass av en slik størrelse, siden etableringen vår i 1987.

Båthavnen har vært opparbeidet på dugnad gjennom mange år, og har nå 44 brygger.

Vi vil på det sterkeste anmode om at vi får beholde båthavnen slik den er i dag.

Vi frykter likevel at et slikt «mykt» tiltak som et båtlag er, veier lite, stilt overfor det som kan kalles framskritt og utvikling. Vi frykter at ansvarlige myndigheter som blir stilt overfor en mulighet for nye arbeidsplasser og ekstra inntekter, er villig til å ofre et slikt tiltak som vi driver. Lignende problemstillinger finnes det flere eksempler på.

Med dagens kostnader vil det ikke være mulig å gjennomføre en flytting med opparbeiding av nye arealer. Forholdene var litt annerledes den gangen laget ble startet.

Vi vet også at det ikke er lett å finne en lokasjon i nærområdet som har slike rolige vindforhold ved alle vindretninger som denne eldgamle fortøyningsplassen. Som et resultat av dette vil en flytting gi oss større årlige vedlikeholdsutgifter på fortøyningsutstyret som holder bryggene på plass. Vårt ønske er at dette kan kompenseres ved at vi får disponere et nytt passende område uten årlige leieutgifter.

Båthavnen vi har i dag gir rikelig plass til opplag og parkering, og den ligger sentralt til slik at det ikke er så lett å utføre tyverier i båtene.

Vi mener en båtbrøyge/båthavn er en viktig del av lokalsamfunnet vårt. Uten denne vli mange miste muligheten til å holde båt. Fjernes dette tilbudet for de som bor i Fotlandsvåg, er nedbyggingen i bygda nesten total. Vi sitter kun igjen med en matvarebutikk og noen få bedrifter. Dette bør de ansvarlige tenke på og bruke alle tilgjengelige midler for å hindre.

Derfor mener vi at før vi eventuelt blir presset ut av området, må det stilles et krav til utbygger/ myndigheter at det skaffes tilveie et område som gir plass til minst et tilsvarende antall brygger som vi har i dag, samt parkering og opplag, før det gis et klarsignal til det omsøkte prosjektet.

Styret i Fotlandsvåg Båtlag

Eivind Ove Haka
[Signature]



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Tord Bakke, 5557 2377

Vår dato
14.03.2014
Dykkar dato
04.03.2014

Vår referanse
2013/13304 421.4
Dykkar referanse

Asplan Viak AS
Fabrikkgaten 3
5059 BERGEN

Uttale til nytt varsel om oppstart - Planprogram - Konsekvensutgreiing - Osterøy - Gnr 96 bnr 17 mfl - Detaljreguleringsplan for Holmane Næringsområde

Vi viser til brev av 04.03.2014 med varsel om utvidet planområde for detaljreguleringsplan for Holmane næringsområde.

Fylkesmannen har ikkje ytterlegare kommentarar til planutvidinga, men viser til førre uttale av 21.11.2013 og ber om at desse kommentarane vert omsynsteke i planarbeidet.

Med helsing

Arve Meidell e.f.
seksjonsleiar

Tord Bakke
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
Osterøy kommune Rådhuset 5282 Lonevåg

From: [Garen Ingelin](#)
To: [Anna Wathne](#)
Subject: Vedrørende nytt varsel om oppstart av detaljplanarbeid- Holmane næringsområde, Osterøy.
Date: 30. March 2014 21:16:54

Hei

Vedrørende nytt varsel om oppstart av detaljplanarbeid for Holmane næringsområde;

Statens vegvesen viser til sin tidligere uttalelse i saken og avklaringsmøte med Osterøy kommune avholdt den 05.02.14.

Vegvesenet har ingen merknader til revidert oppstartsmelding.

Med hilsen
Ingelin Garen

Seksjon: Plan- og forvaltningsseksjon Bergen
Postadresse: Statens vegvesen Region vest, Askedalen 4, 6863 LEIKANGER
Besøksadresse: Spelhaugen 12, FYLLINGSDALEN
Telefon: +47 55516345 **Mobil:** +47 94171461 **e-post/Lync:** ingelin.garen@vegvesen.no
www.vegvesen.no **e-post:** firmapost-vest@vegvesen.no

Tenk miljø - spar papir. Trenger du å skrive ut denne e-posten?

From: [Ola Midttun](#)
To: [Anna Wathne](#)
Subject: Osterøy kommune Hordaland - deltaljplan for Holmane næringsområde - høring av oppstartsmelding og planprogram for KU - uttale
Date: 4. april 2014 15:17:23

Asplan Viak AS
Fabrikkgaten 3

5059 BERGEN

Sakshandsamar: Ola Midttun
Telefon: 46888567
Seksjon: Region Vest forvaltningsseksjon
Vår referanse: 14/3857
Dykkar referanse: 529358
Vår dato: 04.04.2014
Dykkar dato: 04.03.2014

Att:

Elektronisk post

OSTERØY KOMMUNE HORDALAND - DELTALJPLAN FOR HOLMANE NÆRINGSOMRÅDE - HØRING AV OPPSTARTSMELDING OG PLANPROGRAM FOR KU - UTTALE

Vi viser til dykkar brev av 04.03.2014 med varsel om oppstart av deltaljplanlegging av Holmane industriområde gnr 96 bnr 117 mfl. Osterøy kommune samt framlegg til planprogram og konsekvensutgreiing etter Plan- og bygningslova.

Fiskeridirektoratet region vest gjer merksam på at det er registrert regional viktig gyteområde for torsk i Fotlandsvågen og sjøområda utafor. Vi ber om at spørsmål tilknyta konsekvensar for gyteområdet ved utfylling av massar i sjøområda vert teke med blant tema som skal konsekvensutgreiast.

Fiskeridirektoratet region vest sitt ansvar

Fiskeridirektoratet region vest er statleg sektormynde for forvaltning av fiskerinæringa og akvakulturnæringa i Hordaland og Sogn og Fjordane. I plansaker og søknader om tiltak som kjem i berøring med vårt sektorområde, er det vårt ansvar å ivareta sjømatnæringane sine interesser og syte for at det vert teke omsyn til bevaring av marint biologisk mangfald

Formål og planstatus

Formålet med planen er å leggje til rette for utviding av eksisterande næringsareal, hovudsakleg gjennom utfylling av det grunne hamnebassenget mellom Holmen og næringsområdet lenger sør. Lonevåg Beslagfabrikk er tiltakshavar og saman med dei andre aktørane på industriområdet i Fotlandsvågen, AS Oster transport og

entreprenør, Osterfjord maskinstasjon AS og Sjøtroll Havbruk AS ønsker dei å leggje til rette for meir teneleg arealdisponering innafor eit langsiktig perspektiv. Det er ingen gjeldande reguleringsplanar i planområdet. I kommuneplanen er planområdet avsett til *novernade næring, noverande bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsoner*, samt LNFR-område.

Planprogram og KU

Etter tilråding frå planmynde Osterøy kommune er utfylling av massar i hamnebassenget handsama som eit KU-pliktig tiltak. Oppstartsmelding og framlegg til planprogram med KU vart fyrste gong varsla i perioden 15.10 – 03.12.2013. I samband med høyringa har Statens vegvesen kome med innspel om at planområdet bør utvidast mot sør slik at planen med dette legg til rette for utbetring av Fv 567. Planprogrammet og revidert avgrensing av planområdet er varsla om igjen og er no ute til avgrensa høyring hjå grunneigarar, naboar samt eit utval av offentlege etatar.

Merknader og innspel frå Fiskeridirektoratet region vest

Innleiingsvis gjer vi merksam på at Fiskeridirektoratet region vest fyrst vart varsla om oppstart av planarbeid for Holmane industriområde i samband med noverande høyring av revidert planprogram.

Gyteområde i Osterfjorden

Det er registrert gyteområde for torsk i Osterfjorden utafor Fotlandsvågen. I samband med kartlegging av marint biologisk mangfald har Havforskningsinstituttet klassifisert gyteområdet som regionalt viktig. Førekomsta av kysttorsk har gjennom dei seinare åra vorte meir sjeldan i Sør-Norge og for å sikre ressursgrunnlaget ser Fiskeridirektoratet det som viktig å skydde om kjente gyte- og oppvekstområde. Gjennom reguleringsplanen vil ein leggje til rette for å utvide industriområdet ved utfylling av massar i Fotlandsvågen. Masseutfyllinga kjem i berøring med sjøområda kor det er registrert gyteområde. Vi kan ikkje sjå at spørsmål om gyteområde er teke opp i planprogrammet under kap. 5 *Viktige omsyn og trong for utgreiingar*. Vi ser trong for at ein utgreier om utfylling av massar i sjøområda vil få konsekvensar for bevaring av gyteområdet og vi ber såleis om at dette spørsmålet vert teke med blant tema som skal konsekvensutgreiast. For nærare informasjon og vurdering av spørsmål til gyteområdet henviser vi til Havforskningsinstituttet i Bergen.

Fiskeridirektoratet region vest ber om haldast vidare orientert gjennom planprosessen og gjer merksam på at framlegg til plan skal sendast oss til høyring.

Med helsing

Paul Jacob Helgesen
seksjonssjef

Ola Midttun
seniorrådgiver

Brevet er elektronisk godkjent og vert sendt utan underskrift

Kopi til:

Kystverket Vest	Plan- og Kystforvaltningsavdelingen	6025	ÅLESUND
Fylkesmannen i Hordaland	Miljøvern- og klimaavdelinga	5020	BERGEN
Hordaland Fylkeskommune	Postboks7900	5020	BERGEN
Fiskarlaget Vest	Slottsgt. 3	5003	BERGEN
Havforskningsinstituttet	Postboks 1870 Nordnes	5817	BERGEN

Asplan Viak AS
Postboks 2304 Solheimsviken
5824 Bergen.

Merknad til oppstart av planarbeid Holmen Næringsområde.

Etter at Statens Vegvesen kom med nytt innspel om utviding av området i sør med utbetring av den eksisterande Fylkesveg 567, berører dette ikkje berre min eigedom, men mange i nærleiken til sjøen. Me synest dette urovekkande og stiller ein del spørsmål som me forventar tilbakemelding på.

For Gnr 96 br nr 02 som er grunneigar av sjølinja heilt inn i Fotlandsvågen samt dampskipskaaien i sentrum av vågen får dette inngrepet store konsekvensar.

For Gnr96 br nr 46 som er eigar av eigedom og naust får dette store konsekvensar..

For Gnr 96 br nr 70 som er eigar av eigedom får dette store konsekvensar.

1. Me stiller spørsmål med den store utfyllinga. Ser på kartet at innlaupet blir mykje mindre. Korleis skal større båtar komma inn til dampskipskaaien ? Dette medfører at eg som grunneigar ikkje kan ta i mot båtar med sand ,grus eller material for byggfirma.
2. Me stiller oss og kritisk til om sjøen får det same inn og utflyten(flo og fjøre) som før når så store områder blir fylt ut. Konsentrasjon av ferskvatten blir mykje større og ein får inga isfri fjord.
3. Kva med nausta?. Opparbeiding av nye vegar til nausta og nye naust dersom nausta blir berørte.
4. Nausta har historisk verdi. Dei er flytta frå sentrum og ut til noverande plass og har eksistert i over hundre år. Dei tre Fotlandsgardane hadde felles kyrkjebåt i det største naustet.
5. Eigedomane langs med vegen er ikkje interessert å mista meir av den opparbeide hagen samt tilkjørselsveg fram til eigedomane. Naust og tilkomst til sjøen blir borte. Da vil me sette krav om nye naust- tomter og oppsetjing av nye naust.
6. Me vil mista den naturlege utsikten ut over sjøen, og i staden må me sjå ein stor stein -fylling som øydelegg den.

Ola Fotland.

Mette Marit Åsheim

Gro Fotland

ASPLAN VIAK AS,
v/ Anna Wathne.

ASPLAN VIAK BERGEN	
J.nr.	_____
Mott:	31 MARS 2014
Beh.	AW.
Prosj.nr.	_____

Frå Interessentskapet Fotland
v/ styret.

Viser til skriv av 04-03-2014.

Det første planutkastet valde me å ikkje kommentera, men det siste virkar så omfattende at det synes å kunna øydeleggja heile naturgrunlaget for Fotlandsvågen.

Vil minna om at Interessentskapet som vart stifta i 1919, med det føremål å skaffa industri til bygda, framleis set som eigar av ein del av det området som no skal konsekvensutgreiast Og me tykker det er noko underleg at eit selskap som Asplan Viak ikkje finn det formålstenleg å ta kontakt med oss på annan måte enn med eit nabovarsel.

I første omgang har me følgjande kommentarar og spørsmål:

På nordaustsida av Holmen, der Fotlandsvågen er smalast, ser det ut som det er planlagt ei omfattande utfylling. Og sida innseglinga til Fotlandsvågen er djupast mot Holmen, risikerer ein å stenga innseglinga for større båtar.

Me har forstått det slik at utfylling i sjøen skal skje med overskotsmassar. Får ein noko garanti for at dei massene ikkje forureinsar?

Minner om at miljøomsyn har stoppa liknende utfyllingar.

Strandliner er noko av dei mest verdifulle områda ein har. Er det her teke omsyn til at fleire hundre meter med strandline kan verta øydelagd?

Kven står som eigar av eit eventuelt innvunne tilleggsarial?

Skal utbygging av eksisterende kaianlegg skje med utfylling eller eller skal dei byggast på pelar?

Det siste er spesielt viktig for Interessentskapet, for me står som eigar av fleire hundre meter strandline.

Elles vil eg visa til brev frå Interessentskapet til Osterøy kommune ved fagansvarleg for kart/oppmåling.

For interessentskapet


John Fotland



Even Fotland



Torgunn Engstrøm





Asplanviak
Fabrikkgaten 3
5059 BERGEN

Dato: 09.04.2014
Vår ref.: 2014/14921-3
Saksbehandlar: vigberg
Dykkar ref.:

Holmane industriområde - gnr. 96 bnr. 117 - Oppstart av detaljplanlegging - Osterøy kommune

Vi viser til dykkar brev av 10.10.13. Vi beklagar seint svar i saka. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern. På grunn av ein inkurie vart ikkje saka sendt til rette vedkommande i Hordaland fylkeskommune, ein fekk difor ikkje varsla Bergens Sjøfartsmuseum om planen.

Planen sin verknad på kulturminne og kulturmiljø skal dokumenterast og vurderast som eitt av punkta i planutgreiinga ved offentleg ettersyn. I planutgreiinga må det inngå omtale av kvart kulturminne og vurdering av verneverdi. Her er det viktig å få fram ikkje berre fornminne, bygningar og bygningsmiljø, men òg steingardar, gamle ferdselsårer, utmarksminne, tekniske kulturminne, kulturlandskap, m.m. Ved offentleg ettersyn vil Hordaland fylkeskommune vurdere motsegn dersom planen er i konflikt med automatisk freda kulturminne eller andre nasjonalt og regionalt viktige kulturminne.

Ut frå våre arkiv er det ikkje kjend automatisk freda kulturminne eller andre kulturminne med høg verneverdi i planområdet.

Ettersom saka også gjeld areal i sjø er den lagt fram for Bergens Sjøfartsmuseum. Søknaden gjeld Lonevåg beslagsfabrikk som ynskjer å regulere mesteparten av planområdet til næringsføremål, hovudsakelig gjennom utfylling. Museet kjenner ikkje til marine kulturminne som kan bli direkte råka av tiltaket. Reguleringsområdet ligger derimot i et område med potensial for funn av marine kulturminne. Museet kjenner til fleire skipsvrak i nærområda. Det er potensialet for funn av verna eller automatisk freda kulturminne på sjøbotnen.

Bergens Sjøfartsmuseum varslar derfor registreringar i strandsona og sjøen i samband med planarbeidet, jf. kulturminnelova §§ 9 og 14. Tiltakshavar pliktar å dekke kostnadene for slike undersøkingar jf. kulturminnelova § 10. Bergens Sjøfartsmuseum ber tiltakshavar om å ta kontakt med museet for å få gjennomført undersøkingane. Museet vil da utarbeide eit budsjett for registreringa, som må godkjennast før feltarbeidet kan gjennomførast.

Hordaland fylkeskommune har ingen andre merknader til planen på noverande tidspunkt i planprosessen.

Per Morten Ekerhovd
fylkeskonservator

Vigdis Berge
Spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
Bergens Sjøfartsmuseum
Snorre Waage